



Notat

Dato: 05.06.2018
Arkivsak: 2017/16956-4
Saksbehandlar: annvabo

Mal for handelsanalysar i Hordaland

Krav til handelsanalyse er heimla i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel* (Senterplanen), som inneheld ein juridisk bindande føresegn for handel. Den regional føresegna slår fast at dersom nytta eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggeløyve/ rammeløyve overstig 3000m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Gjennom handelsanalysen skal ein sikre at saker som gjeld ny handelsetablering blir tilstrekkeleg opplyst før ein tar ei avgjerd om etableringa er i tråd med målsetningar i Senterplanen. Handelsanalysen skal vere lettfatteleg og kunne etterprøvast.

I handlingsprogrammet til Senterplanen 2015 – 2019 er eit av tiltaka å utarbeide ein brukarvenleg mal for korleis handelsanalysar kan gjennomførast i tråd med retningslinjer gitt i planen. Dette er også noko som er etterspurt frå både kommunar og tiltakshavarar.

Mal for handelsanalysar i Hordaland er ei mal for handelsanalysar på tiltaksnivå; i samband med handelsareal i reguleringsplan eller byggeløyve/rammeløyve. Men malen kan også nyttast av kommunar som eit utgangspunkt for overordna handelsanalysar. Malen er utforma med sju delar som skal fyllast ut. Til kvart punkt er det utarbeida rettleiing. På statistikk.ives.no er det oppretta eit eige område med data som kan nyttast ved utarbeiding av handelsanalysar. På desse sidene er det oppdatert statistikk om detaljhandel og befolkningsutvikling i fylket. Tala vert oppdatert årleg.

Det er ulike problemstillingar kor ein er i fylket når det gjeld handel. Malen gjeld for heile Hordaland, men opnar for konkret vurdering under kvart punkt. Dette er ei fyrstegenerasjons mal, som vil oppdaterast etterkvart når det kjem erfaringar med bruk.

Vedlegg

- 1 Mal for handelsanalysar i Hordaland